

# Koronar CT-angiografi

## Samandrag

**Bakgrunn.** Dei siste åra har ny teknologi gjort ikkje-invasiv framstilling av koronarkara mogleg ved CT-underøking. Dei fleste norske sjukehus vil i løpet av få år ha multidetektor-CT-maskinar som kan framstille koronartreet. Om kvaliteten blir tilfredsstilande, vil dette kunne bety at slik diagnostikk kan desentralisera.

**Metode.** Artikkelen er basert på ikkje-systematisk gjennomgang av relevant litteratur samt eigne røynsler.

**Resultat.** Etter at ein tok i bruk 16- og spesielt 64-detektor-CT er det i fleire studiar vist at det er godt samsvar mellom koronar CT-angiografi og invasiv koronar angiografi. Den negative prediktive verdien er svært høg. Etter undersøking med normal multidetektor-CT av god kvalitet kan ein difor i praksis sjå bort frå vesentleg koronarsjukdom. Usikker stenosegradering fører derre til ein del falskt positive funn. CT-teknologien utviklar seg svært raskt. Variabel kvalitet på bileta og høg stråledose er framleis eit problem, også med moderne CT-maskinar.

**Tolking.** Vi åtvarar mot ukritisk bruk av metoden, samtidig som vi meiner det er grunn til optimisme med tanke på kva den kan bidra med i framtida.

**Helge Ose Velle**  
helge.ose.velle@helse-sunnmore.no  
Medisinsk avdeling

**Kristian Kolnes**  
Røntgenavdelinga  
Volda sjukehus  
6100 Volda

**Geir Høgalmen**  
Medisinsk avdeling

**Lars Petter Gudim\***  
Røntgenavdelingen  
Sykehuset Innlandet Gjøvik

**Rune Wiseth**  
Hjertemedisinsk avdeling  
St. Olavs Hospital

**Olaf Rødevand**  
Kardiologisk avdeling  
Feiringklinikken

\* Nåværende adresse:  
Sentrum røntgeninstitutt, Gjøvik

Invasiv koronar angiografi gir eit nøyaktig bilet av koronartreet og har lenge vore gullstandard for påvising og kvantitering av koronare stenosar. I 2005 blei det utført 28 031 invasive koronare angiografiar i Noreg (1). Undersøkinga blir gjort ved alle universitetssjukehusa og nokre få sentralsjukehus samt ved Feiringklinikken.

Ved koronar angiografi er det ein liten, men ikkje uvesentleg risiko for alvorlege komplikasjonar, slik som blødning, karskade, cerebrale insult og hjartefarkt. I svært sjeldne tilfelle kan undersøkinga ende fatalt. Ny CT-teknologi har dei siste åra gitt høve til stadig betre CT-angiografisk framstilling av koronartreet. Det er difor ei aktuell problemstilling om koronar CT-angiografi i nokon grad kan erstatte invasiv koronar utgreining. I så fall vil diagnostikken kunne desentralisera og såleis spare mange pasientar for lange reiser – og samfunnet for store kostnader.

## Materiale og metode

I denne artikkelen vil vi gjere greie for tekniske og praktiske forhold ved koronar CT-angiografi. Vi vil omtale norske og internasjonale studiar og til slutt forsøke å vurdere kva plass metoden har i kardiologisk diagnostikk i dag og i nær framtid. Artikkelen er basert på ikkje-systematisk gjennomgang av relevant litteratur samt våre eigne røynsler med metoden.

## Multidetektor CT-angiografi

Koronarkara er småkalibra og beveger seg med hjartet. CT-maskinar har tildegarle ikkje

hatt tilstrekkeleg romleg og tidsmessig opplysing til å framstille desse årene godt nok. Ved multidetektor-CT har spiral-CT-maskinane fått fleire parallele detektorrader, frå fire i 1998 til heile 320 frå 2007. Dette gjer det mogleg å samle biletdata frå mange parallele kroppsskiver samtidig (fig 1). Eksempel på ferdige bilete er gitt i figur 2 og figur 3.

Dei fleste multidetektor-CT-maskinane i Noreg i dag er 16-detektor-CT (16D-CT) eller 64-detektor-CT (64D-CT). Med 64D-CT kan ein undersøke opptil 4 cm i lengderetninga til pasienten på ein rotasjon, med ei romleg opplysing på om lag 0,4 mm, mot 0,75 mm for 16D-CT (2).


## Praktisk gjennomføring

Eventuelle kontraindikasjoner mot ioniserande stråling, jodhaldig kontrastmiddel og betablokkar må avklarast først. Pasienten må halde pusten under biletoppaket. Skannoppaket må samkjørast med oppstart av intravenøs kontrastinfusjon for å oppnå best mogleg kontrast mellom karlumen og omgjevnader. Skanninga vert synkronisert med pasient-EKG-et, med anten prospektiv eller retrospektiv teknikk.

Ved såkalla prospektiv EKG-triggering skanner ein berre i utvalde delar av hjarteskulen. Dette gir lågare stråledose. Dei beste bileta får ein som regel i diastolen, ettersom hjartet då rører seg minst. Regelmessig, låg puls under opaket er viktig for god bilet-kvalitet (3), dette gjeld i større grad for 16D-CT enn for 64D-CT. Hjartefrekvensen bør vere under 60–65/minutt, og om naudsynt gir ein betablokkar peroralt eller intravenøst for å oppnå dette. Pasientar med hyppige ekstrasytoller og atrieflimmer er ueigna med dei maskinane ein nyttar i Noreg i dag.

## Hovubodskap

- Koronar CT-angiografi er ein ikkje-invasiv metode for framstilling av koronartreet
- Høg stråledose og varierande kvalitet på bileta er hovudproblema med metoden
- Normal koronar CT-angiografi ute-lukker i praksis signifikant koronarsjukdom
- Unøyaktig stenosekvantitering gir mange falskt positive funn



**Figur 1** Praktisk gjennomføring av koronar CT-angiografi

Samanlikna med konvensjonell angiografi krev CT-metoden meir etterarbeid (15–60 minutt), men er til gjengjeld mindre tidkrevjande på undersøkingsrommet (10–15 minutt).

### Ulemper og utfordringar med metoden

Varierande biletqulitet (ramme 1) og stor stråledose er dei største ulempene med metoden. Artefakt frå kalk i koronartreet kan gjere stenosevurderinga vanskeleg. Dette er eit problem sjølv ved 64D-CT (2). Mange gjer først ei såkalla lågdose preskanning utan intravenøs kontrast. Om dette viser mykje kalk i koronartreet, har vi valt ikkje å gå vidare med CT-angiografi. Dette er også ein trend internasjonalt (4).

Koronar CT-angiografi gir høg stråledose samanlikna med annan CT-diagnostikk. Ved 16D-CT dreier det seg truleg om minst tre gonger så stor stråledose som ved invasiv koronar angiografi, dvs. effektiv dose rundt 10–15 mSv (5). Ved 64D-CT er effektiv dose målt til om lag det dobbelte av 16D-CT. Høge stråledosar kan gi auka risiko for seinare kreftinduksjon (6). Med bruk av ulike

teknikkar kan ein redusere stråledosen betydeleg (7).

### Samanliknande studiar

Det er utført mange studiar der funn ved CT-angiografi og invasiv koronar angiografi er samanlikna, mellom anna tre norske undersøkingar med 16D-CT (8–10). Ein metaanalyse (11) av 29 studiar med 16D-CT og 64D-CT viste sensitivitet og spesifisitet på karsegmentnivå på høvesvis 81% og 93%. Både talet på ekskluderte pasientar (< 5%) og ekskluderte og ikkje-tolkbare segment var svært lågt. Positiv og negativ prediktiv verdi var 68% og 97%. Analysert på pasientnivå, noko som er viktigare enn segmentnivå i praktisk medisin, var sensitiviteten heile 96%, medan spesifisiteten fall til 74%.

Ein annan stor metaanalyse viste at 64D-CT og 16D-CT presterer signifikant betre enn 4D-CT, og at talet på ikkje-tolkbare segment minkar suksessivt med nyare CT-maskinar (12). Resultata er samanliknbare med den førstnemnde metaanalysen og gjennomgående svært gode for 16D-CT og 64D-CT.


Den siste publiserte metaanalysen om-

fattar 28 studiar, 16 av desse med 16D-CT, resten med 64D-CT (13). Analysane er gjort på pasientnivå og viser signifikant betre resultat for 64D-CT enn for 16D-CT når det gjeld spesifisitet og positiv prediktiv verdi. Mellom anna viser forfattarane at 16D-CT i den aktuelle populasjonen vil generere 14% unødvendige invasive angiografiar (pga. falskt positive funn ved CT), mot 4% for 64D-CT.

To norske studiar med 16D-CT er gjennomførte ved lokalsjukehusa i Gjøvik og Volda, i samarbeid med dei respektive invasive sentra på Feiringklinikken og St. Olavs Hospital (8, 9). I begge studiane var det ein del karsegment som ikkje var analyserbare med 16D-CT. Dersom ein var forsiktig og klassifiserte alle desse segmenta som positive, var delen av dei sjuke pasientane ein korrekt klarte å identifisere (sensitiviteten) på godt internasjonalt nivå – høvesvis 100% og 97%. Med denne tilnærminga vart prosentdelen av dei friske ein korrekt kunne plukke ut (spesifisiteten) låg, heilt nede på rundt 30%. Den prediktive verdien av ei negativ undersøking var også i våre studiar god, 100% i Gjøvik og 83% i Volda. Den prediktive verdien av ei positiv undersøking var ikke tilfredsstillande, høvesvis 57% (Gjøvik) og 75% (Volda), noko som er lågare enn i dei fleste internasjonale studiane. Dette skuldast overestimering av stenosegrad og mange falskt positive funn. Årsaka til desse feitolkingane kan vere at vi nyleg hadde teke metoden i bruk, men enkelte andre 16D-CT-studiar har også vist noko utilfredsstillande resultat. Eit eksempel på det er ein relativt stor og godt kvalitetssikra multisenterstudie (14). Ein fann også der eit høgt tal ikkje-vurderbare segment og låg positiv prediktiv verdi samanlikna med mindre enkeltsenterstudiar.

### Indikasjonar

I retningslinjene til European Society of Cardiology (ESC) om utgreiing av stabil angina pectoris har koronar CT-angiografi fått ei anbefaling i klasse II B, med evidensnivå C (15). Dette er ei svak anbefaling, som i tillegg er avgrensa til pasientar med låg risiko for koronarsjukdom. Det er den høge negative prediktive verdien til metoden som er grunnlaget for anbefalinga frå ESC. Ved negativ koronar CT-angiografi av god kvalitet kan ein med stor sikkerheit slå fast at pasienten ikkje har signifikant koronarsjukdom og at han ikkje treng invasiv undersøking. Dess lågare pretestrisiko pasienten har for hjartesjukdom, dess større sjanse er det for at eit positivt funn er falskt positivt. Dette er ei ulempe med metoden når han vert nyitta i lågrisikopopulasjonar, fordi det vil føre til ei rekke avklarande, «unødvendige» invasive angiografiar. Dersom ein etter å ha vurdert anamnese, klinisk undersøking og arbeids-EKG finn det lite truleg at pasienten har iskemisk hjartesjukdom, meiner vi det ikkje er god praksis å rekvire koronar CT-



**Figur 2** Eksempel frå 16-detektor-CT-undersøking. 3D-bilete laga på CT-arbeidsstasjon med framstilling av hjartet og delar av koronartreet hos ein pasient utan koronare stenosar. Fargane er datamanipulerte. LAD: framre nedgående grein av venstre koronararterie (left anterior descending artery)

angiografi «for sikkerheits skuld». Koronar CT-angiografi er derimot godt eigna om vanlig iskemidiagnostikk ikkje har vore avklarande og der det ut frå ei totalvurdering er rimelig å få framstilt koronartreet for å avklare situasjonen. I denne gruppa er risikoen for koronarsjukdom noko høgare. Ein vil dermed få færre falskt positive resultat, men framleis ha høg sikkerheit for at pasientar med normal koronar CT-angiografi ikkje har signifikant koronarsjukdom (16).

Hos gamle pasientar, høgrisikopasientar og ved kjent eller forventa uttalt koronarsjukdom er metoden førebels lite eigna. Måling av stenosegrad blir hos desse ofte usikker pga. kalknedslag, og mange av dei treng uansett invasiv angiografi i samband med eventuell revaskularisering.

Pasientar med akutt koronarsyndrom og troponinstiging eller EKG-forandringer bør

få utført invasiv undersøking direkte, men om desse risikomarkørane er normale, kan CT-angiografi vere aktuelt (17). Dei tre klassiske og alvorlege årsakene til sterke brystsmerter er akutt koronarsjukdom, lungeemboli og aortadisseksjon, og CT-diagnostikk er veletablert for dei to sistnemnde tilstandane. Om den kliniske situasjonen er uavklart, vil ein med multidetektor-CT kunne vurdere og eventuelt utelukke alle desse (18). I enkelte høve kan ein forsvara den ekstra stråledosen ei slik tilnærming vil innebære.

Invasiv koronar angiografi gir avgrensa informasjon om tilhova i karveggen, både når det gjeld den ekstraluminale utbreiinga av eventuelle stenosar og om plakka er stabile eller ustabile. Ved CT-undersøkinga kan ein med tettleiksmålingar til ei viss grad vurdere dette, og i fleire studiar har ein samanlikna multidetektor-CT med intravaskulær ultralyd (19, 20). Sidan fleirtalet av akutte hjarteinfarkt oppstår pga. plakkruptur i ikkje-signifikante stenosar, vil det kunne vere viktig å vurdere dette. Førebelser er dette på forskingsstadiet.

Hos pasientar med låg risiko for koronarsjukdom kan koronar CT-angiografi truleg erstatte invasiv angiografi ved til dømes utgrieing av dilatert kardiomyopati og før klaffeoperasjonar hos yngre pasientar. Det er gjort studiar på hjartetransplanterte der konklusjonen er at pasientar med låg risiko for koronarsjukdom kan få sine faste kontrollangiografiar gjort med CT (21).

Stentartefakt har så langt utelukka sikker vurdering av restenosar i stentar med multidetektor-CT. Nye studiar med 64D-CT viser at slik diagnostikk likevel kan bli mogleg (2, 22). Multidetektor-CT har vist seg godt eigna til å kartlegge anomaliar i koronararteriene (23).

Ved koronar CT-angiografi får ein automatisk også framstilt øvrige anatomiske strukturar i thorax og øvre abdomen. Det er i fleire studiar rapportert alvorlige ikkje-kar-

## Ramme 1

### Faktorar som kan redusere kvaliteten på biletene ved koronar CT-angiografi

- Hjarterytme
  - uregelmessig rytme
  - høg puls
- Koronarkalk
- Pusteartefakt
- Rørsleartefakt
- Metallartefakt
  - stent i koronararterie
  - elektrodar (pacemaker)
  - sternumsuturar
- Adipositas
- Dårleg samkøyring med kontrast-infusjon

diale funn hos ein stor prosentdel av pasientane (24). Det dreier seg mellom anna om lunge-, lever- og pancreastumorar, lymfom, lungeembolusar og patologiske tilhøve i aorta.


### Vidare teknologisk utvikling

CT-teknologien utviklar seg raskt vidare, for tida i fleire retningar: kortare rotasjonstid (0,27–0,35 sekund per rotasjon), fleire detektorrader (128, 256 og 320), stegvis skanning (step-and-shoot) og tokjelde-CT (dual-source CT, DSCT). 128D- og 320D-CT-maskinar kan dekke høvesvis 8 cm og 16 cm av pasienten ved ein rotasjon. 256D-CT og 320D-CT kan i teorien undersøke hjartet med ein rotasjon, dvs. i løpet av eitt hjarteslag, slik at ein ikkje er avhengig av låg og stabil hjarterytme (25). Stråledosen skal med denne teknologien kunne reduserast vesentleg samanlikna med «tradisjonell» 64D-CT (26).

Ved 64D-CT med stegvis skanning skjer biletoppaket i etappar og berre når bordet/pasienten ikkje vert flytta. Med prospektiv EKG-triggering har ein med denne teknikken i nyare studiar estimert effektiv dose til under 3 mSv (27). Tokjelde-CT baserer seg på to ulike strålekjelder med kvart sitt tilhøyrande detektorsett. Dette betrar den tidsmessige oppløysinga slik at ein kan skanne ved høg hjarterytme (28).

### Oppsummering og tilråding

Koronar CT-angiografi er ein lovande metode for framstilling av koronartreet. Norske studiar med 16D-CT viser at ein i startfasen ikkje utan vidare kan rekne med så gode resultat som ved større internasjonale senter. Høg stråledose og mange falskt positive funn er dei viktigaste ulempene med metoden. Om 16D-CT skal nyttast til koronar diagnostikk, er ein avhengig av ekstra grundig pasientseleksjon for å få tilfredsstillande



**Figur 3** a) 16-detektor-CT-undersøking med framstilling av feitnært (pil) og forkalka (pilhovud) plakk, der spesielt førstnemnde gjev opphav til signifikant stenose i framre nedgående grein av venstre koronararterie hos ein 52 år gammal manleg pasient med angina pectoris. b) Invasiv angiografi stadfester funnet (pil)

undersøkingar. 64D-CT gir betydeleg sikrere diagnostikk, men medfører også vesentleg større stråledose med dei maskinane som er i bruk i Noreg i dag. Mykje evalueringsarbeid står igjen før ein kan tilrå utstrakt bruk, og metoden er førebels best eigna hos pasientar som treng diagnostisk avklaring etter inkonklusive funn ved vanleg iskemi-diagnostikk. Dersom ny teknologi kan redusere stråledosen vesentleg, trur vi koronar CT-angiografi i framtida vil bli mykje nytta ved utgreiing av koronarsjukdom.

*Oppgitte interessekonflikter: Kristian Kolnes har mottatt honorar fra GE Healthcare, som produserer kontrastmidler. De øvrige forfattere har ingen oppgitte interessekonflikter.*

#### Litteratur

- Melberg T, Nygård O, Uchto M et al. Trender innen koronar revaskularisering i Norge 2001–2005. Hjerteforum 2007; nr. 2: 65–9.
- Raff GL, Gallagher MJ, O'Neill WW et al. Diagnostic accuracy of noninvasive coronary angiography using 64-slice spiral computed tomography. J Am Coll Cardiol 2005; 46: 552–7.
- Giesler T, Baum U, Ropers D et al. Noninvasive visualization of coronary arteries using contrast-enhanced multidetector CT: influence of heart rate on image quality and stenosis detection. AJR Am J Roentgenol 2002; 179: 911–6.
- Heuschmid M, Kuetner A, Schroeder S et al. ECG-gated 16-MDCT of the coronary arteries: assessment of image quality and accuracy in detecting stenoses. AJR Am J Roentgenol 2005; 184: 1413–9.
- Coles DR, Smail MA, Negus IS et al. Comparison of radiation doses from multislice computed tomography coronary angiography and conventional diagnostic angiography. J Am Coll Cardiol 2006; 47: 1840–5.
- Hurwitz LM, Reiman RE, Yoshizumi TT et al. Radiation dose from contemporary cardiothoracic multidetector CT protocols with an anthropomorphic female phantom: implications for cancer induction. Radiology 2007; 245: 742–50.
- Paul JF, Abada HT. Strategies for reduction of radiation dose in cardiac multislice CT. Eur Radiol 2007; 17: 2028–37.
- Rødevand O, Høgalmen G, Gudim LP et al. Limited usefulness of non-invasive coronary angiography with 16-detector multislice computer tomography at a community hospital. Scand Cardiovasc J 2006; 40: 76–82.
- Kolnes K, Velle HO, Hareide S et al. Multislice computed tomography coronary angiography at a local hospital: pitfalls and potential. Acta Radiol 2006; 47: 680–6.
- Bartnes K, Sildnes T, Iqbal A et al. Coronary artery disease cannot be reliably evaluated by 16-slice multidetector spiral computed tomography. Scand Cardiovasc J 2007; 41: 167–70.
- Hamon M, Biondi-Zocca GG, Malagutti P et al. Diagnostic performance of multislice spiral computed tomography of coronary arteries as compared with conventional invasive coronary angiography: a meta-analysis. J Am Coll Cardiol 2006; 48: 1896–910.
- Vanhoenacker PK, Heijnenbroek-Kal MH, van Heste R et al. Diagnostic performance of multidetector CT angiography for assessment of coronary artery disease: meta-analysis. Radiology 2007; 244: 419–28.
- Hamon M, Morello R, Riddell JW et al. Coronary arteries: diagnostic performance of 16- versus 64-section spiral CT compared with invasive coronary angiography – meta-analysis. Radiology 2007; 245: 720–31.
- Garcia MJ, Lessick J, Hoffmann MH. Accuracy of 16-row multidetector computed tomography for the assessment of coronary artery stenosis. JAMA 2006; 296: 403–11.
- Fox K, Garcia MA, Ardissino D et al. Guidelines on the management of stable angina pectoris: executive summary: the Task Force on the Management of Stable Angina Pectoris of the European Society of Cardiology. Eur Heart J 2006; 27: 1341–81.
- Hendel RC, Patel MR, Kramer CM et al. ACCF/ACR/SCCT/SCMR/ASNC/NASCI/SCAI/SIR 2006 appropriateness criteria for cardiac computed tomography and cardiac magnetic resonance imaging. J Am Coll Cardiol 2006; 48: 1475–97.
- Meijboom WB, Mollet NR, van Mieghem CA et al. 64-slice computed tomography coronary angiography in patients with non-ST elevation acute coronary syndrome. Heart 2007; 93: 1386–92.
- Runza G, La Grutta L, Alaimo V et al. Comprehensive cardiovascular ECG-gated MDCT as a standard diagnostic tool in patients with acute chest pain. Eur J Radiol 2007; 64: 41–7.
- Leber AW, Knez A, Becker A et al. Accuracy of multidetector spiral computed tomography in identifying and differentiating the composition of coronary atherosclerotic plaques: a comparative study with intracoronary ultrasound. J Am Coll Cardiol 2004; 43: 1241–7.
- Motoyama S, Kondo T, Sarai M et al. Multislice computed tomographic characteristics of coronary lesions in acute coronary syndromes. J Am Coll Cardiol 2007; 50: 319–26.
- Romeo G, Houyel L, Angel CY et al. Coronary stenosis detection by 16-slice computed tomography in heart transplant patients. J Am Coll Cardiol 2005; 46: 1826–31.
- Lell MM, Panknin C, Saleh R et al. Evaluation of coronary stents and stenoses at different heart rates with dual source spiral CT (DSCT). Invest Radiol 2007; 42: 536–41.
- Datta J, White CS, Gilkeson RC et al. Anomalous coronary arteries in adults: depiction at multidetector row CT angiography. Radiology 2005; 235: 812–8.
- Haller S, Kaiser C, Buser P et al. Coronary artery imaging with contrast-enhanced MDCT: extracardiac findings. AJR Am J Roentgenol 2006; 187: 105–10.
- Kido T, Kurata A, Higashino H et al. Cardiac imaging using 256-detector row four-dimensional CT: preliminary clinical report. Radiat Med 2007; 25: 38–44.
- Mori S, Nishizawa K, Endo M et al. Effective doses in subjects undergoing computed tomography cardiac imaging with the 256-multislice CT scanner. Eur J Radiol 2007. doi: 10.1016/j.ejrad.2007.05.001
- Husmann L, Valenta I, Gaemperli et al. Feasibility of low-dose coronary CT angiography: first experience with prospective ECG-gating. Eur Heart J 2008; 29: 191–7.
- Matt D, Scheffel H, Leschka S et al. Dual-source CT coronary angiography: image quality, mean heart rate, and heart rate variability. AJR Am J Roentgenol 2007; 189: 567–73.

*Manuskriptet ble mottatt 6.10. 2007 og godkjent 3.3. 2008. Medisinsk redaktør Petter Gjersvik.*